



Kulturmidlar - Tilskott

Referansenummer: KS67SC

Registrert dato: 14.03.2016 22:11:22

Vedlegg:

Prosjektskildring Sjøparken 2016.pdf

Utstillingsguide 2015.pdf

Rapport Sjøparken 2015.pdf

Innleiing	
Kommunen tildeler kvart år midlar etter søknad frå enkeltpersonar og lokale lag/grupper/organisasjonar.	
Søkjaren er	
<input type="radio"/> Enkeltperson	<input checked="" type="radio"/> Gruppe/lag/organisasjon
Vel kategori for prosjektet	
<input type="checkbox"/> Kulturmidlar driftstilskott	<input type="checkbox"/> Kulturmidlar investeringar
<input checked="" type="checkbox"/> Kulturmidlar aktivitets- og prosjekttilskott	<input type="checkbox"/> Ungdomsmidlar
Namn/arbeidstitel på prosjektet	
Sjøparken i Lindåsosane	

Om søkjaren	
Organisasjonen	
Organisasjonsnummer	
996154556	
Namn	Adresse
Heilt Originalt! Elisabeth Tonheim	Rosenlund
Postnummer	Poststad
5955	LINDÅS
Telefonnummer	E-postadresse
90600806	elisabeth.tonheim@gmail.com
Bankkontonummer	
15036422235	
Namnet på leiaren	
Elisabeth Tonheim	
Kasserar	
Førenamn	Etternamn
Elisabeth	Tonheim
Telefonnummer	E-postadresse
90600806	elisabeth.tonheim@gmail.com

Omtale av søkjaren/prosjektet

Omtale av søkjaren/organisasjonen

Heilt originalt! er eit enkeltpersonsforetak drive av Elisabeth Tonheim. Verksemda driv innan kulturformidling. Dette gjerast gjennom produksjon av kunst, handverk og redesign ved bruk av gammalt materiale andre kastar. Dei seinare åra har mykje av tida vore brukt i prosjektarbeid for å fremje Lindåsbygda si historie, etablere nye opplevingar i bygda og auke samarbeid i bygda. Dette har blant anna vore gjort gjennom prosjektleiing i LivOGLyst-prosjekt, Verdas Lengste Sjømatbord, etablering og drifting av Sjøparken i Lindåsosane, utvikling av permanent kulturløype i Lindåsbygda saman med Bygdelaget mm. Prosjektet "Sjøparken i Lindåsosane" vart i løpet av 2015 overført frå Nordhordland Næringshage til Heilt originalt!

Prosjektgruppa består av personar som har vore involvert i Sjøparken sidan starten. Dette er glaskunstnar Turid Grov, emaljekunstnar Solveig Haukaas, kunstmålar Bente Brekke Kampevold og Elisabeth Tonheim.

Omtale av prosjektet/aktiviteten

BAKGRUNN

Sjøparken i Lindåsosane er ei utstilling på holmar, skjær, bergvegg og naust i sjøområdet innom Lindås Sjøsluser. Utstillinga vart etablert med seks verk i 2014, og supplert med eitt nytt verk i 2015. Verka står permanent, og forfell naturleg av ver og vind. Planen er å supplere parken med eitt nytt verk kvart år, med lansering av nytt verk i samband med sommararrangementet "Verdas lengste sjømatbord" på Lindås.

MÅL

Hovudmål:

- Å gje sjøfarande ei spennande oppleving i naturen i Lindåsosane
- Å styrke Lindåsslusene som reisemål og oppleving

Tiltak 2016

- Utvide Sjøparken med eitt verk som er klart til arrangementet «Verdas lengste sjømatbord 2016»
- Plan for og utvikling av marknadsføring

AKTIVITET

Samlege av dei sju verka som vart montert i 2014 og 2015 står framleis, sjølv om nokre har fått sine merker. «Fiskarkåno» har skothol i andletet, ei sak som vart politianmeld. «Fruen frå havet» miste skjørtet under stormen «Dagmar», men har blitt anstendig att med nytt skjørt. Og naustet i «Fiskarbonden» rak til havs og stranda på ein naboholme under ei av sprengfloene i vinter. Dette vert ein del av historiene til verka, og er ein del av tilsynet med Sjøparken.

Årets bidragsytar med verk i Sjøparken er under avklaring. Verket skal vere klart i starten av juni, slik at det kan monterast i god tid før arrangementet «Verdas Lengste sjømatbord».

I aktivitetsplanen for 2015 ynskte vi å ha større fokus på marknadsføring av Sjøparken som ein attraksjon i Nordhordland. Vi søkte derfor om midlar, også med tanke på dette. Då tilbakemelding om desse midlane ikkje kom før seinhaustes 2015, overfører vi denne aktiviteten til 2016. Desse midlane, saman med inntekt frå sal av Utstillingsguiden, går derfor inn i finansieringsplanen som eigenkapital som skal nyttast til marknadsføring i 2016.

Eit viktig arbeid vil vere å bevisstgjere bygda sine eigne reiselivsaktørar om denne opplevinga, slik at dei aktivt nyttar den som attraksjon for å trekke til seg gjestar. I tillegg skal brosjyra trykkast opp i større tal og spreiest i reiselivs- og båtmiljø langs Vestlandskysten. Vi vil også jobbe for å synleggjere opplevinga ved for eksempel å få med TV i samband med montering av årets verk, eller i ein eigen reportasje om Sjøparken og Slusene.

Vinter/vår 2016

- Innhente og avklare årets kunstnar
- Synfaring og avklaring med grunneigar om løyve til montering
- Marknadsføringsstrategi
- Skaffe finansiering

Sommar 2016

- Montere årets verk i starten av juni
- Oppdatere og trykke Utstillingsguide 2016
- Marknadsføring

Dato/tidsrom for prosjektet/aktiviteten

1.mars til 31.des 2016

Staden for prosjektet/aktiviteten

Lindåsosane

Er aktiviteten tilrettelagd for funksjonshemma?

Ja Nei

Budsjett

Før opp alle beløpa i heile tusen kroner.

UTGIFTER

Sum utgifter

35000

Spesifikasjon	Beløp
1 Kunstverk	12000
Montering	2000
Leing/organisering/tilsyn	3000
Utstillingsguide redigering/trykking	3000
Marknadsføring	15000
	Sum: 35 000,00

FINANSIERING

Søknadsbeløp for denne søknaden

10000

Blir det søkt tilskott hos andre instansar?

Ja Nei

Andre inntekter utanom tilskott

25000

Spesifikasjon andre inntekter	Beløp
Sal Utstillingsguide	3000
Spons	8000
Eigenkapital	9000
Eigeninnsats	5000
	Sum: 25 000,00

Sum finansiering

35000

Medlemsmasse

Før opp antall medlemmer i organisasjonen

Mellom 0 og 5 år

-

Mellom 6 og 12 år

1

Mellom 13 og 19 år

1

Over 20 år

1

Har organisasjonen medlemskontingent?

Ja Nei